

Statens Vegvesen Region Midt v/Per Arne Sesseng
Fylkeshuset
6404 MOLDE

SAKSBEHANDLER: LINN MYRVOLD - VÅR REF: 2015/3736 - DATO: 29.07.2015

GEIRANGER-HERDALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE - SØKNAD OM OPPFØRING AV TEKNISK BOD GNR. 111 BNR. 1 VED KORSMYRA RASTEPLASS I STRANDA KOMMUNE, DISPENSASJON

Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen handsama søknaden pr. e-post 29. jul. 2015.

Verneområdestyret gjorde fylgjande vedtak

Statens vegvesen Region midt får hermed dispensasjon av verneområdestyret til å oppføre teknisk bod og snødjupnemålar ved Korsmyra Rasteplass i Stranda Kommune. Dispensasjonen er gitt med heimel i Naturmangfaldlova § 48 og søknaden er vurdert etter Naturmangfaldlova §§ 8-12.

Vilkår

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår

1. Tiltaket skal vere avklart med grunneigar
2. Dispensasjonen gjeld for hausten 2015
3. Installasjonane skal førast opp som skissert i søknad
4. Stolpen med snødjupnemålar skal ikkje være av aluminium men av tre og gravast ned med handkraft og både stolpe og utstyr skal kamuflerast i ein farge som gjer at den stikker seg minst mogleg ut i terrenget.
5. Verneområdeforvaltar vil vere til stades når plassering for bua skal veljast
6. Alt av resterande material skal fjernast frå verneområdet ved ferdigstilling

Klagerett

Dette vedtaket kan i samsvar med § 28 i forvaltningsloven påklagast av ein part eller andre med rettslig klageinteresse. Frist for å klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Klagen stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen. Klaga bør grunngjevast.

Med helsing

Linn Laurent Myrvold
Verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg: Saksframlegg

Kopi med vedlegg:

Miljødirektoratet
Statens naturoppsyn
Stranda kommune
Statens naturoppsyn Geiranger
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Postboks 5672 Sluppen
Postboks 5672 Sluppen
Øyna 13
Norsk fjordsenter
Fylkeshuset

7485 TRONDHEIM
7485 TRONDHEIM
6200 STRANDA
6216 GEIRANGER
6404 MOLDE

